

Innhald i Verktøykassa

- | | |
|---|--|
| 1.0 Innhold i Verktøykassa
Gode kurshaldar!
Planlegging av kurs | 7.0 Media og marknadsføring
Informasjonsarbeid internt i laget
Marknadsføring
Mediearbeid |
| 2.0 Metodar og leikar
Metodar
Leikar | 8.0 Lobbyarbeid
Påverknad i lokalsamfunnet
Bruk nettverka!
Lobbyarbeid i fylket og nasjonalt |
| 3.0 Ungdomslaget
Ungdomslaget mitt
Verdisyn og ideologi
Historia til Noregs Ungdomslag
Kvifor vere med i NU? | 9.0 Engasjement og rekruttering
Engasjement
Rekruttering |
| 4.0 Arbeidet i styret
Motivasjon, samarbeid og kommunikasjon i styret
Rollene som tillitsvalde
Leiaren
Årsmøte og andre møte | 10.0 Sjølvtilitt – ta ordet!
Sjølvtilitt og respekt
Ta ordet! |
| 5.0 Planlegging og prosjektstyring
Arbeidsprogram, budsjett og andre program
Prosjektstyring
Årshjulet | 11.0 Ungdomshuset
Historia til husa - Norske Lagsbruk
Støtteordningar og tips til drifta |
| 6.0 Støtteordningar og søknader
Støtteordningar
Den gode søknaden | 12.0 Andre aktuelle kurstema |
| | 13.0 Litteraturliste |

Til kvart kursemne finst det **powerpointpresentasjonar**. Dei same presentasjonane ligg ved i papir og kan kopierast til lysark (transparent). På enkelte av emna er det lagt ved tilleggslitteratur og ark med utfyllande stoff som kan kopierast opp og delast ut.

Vi gjer merksam på at Verktøykassa finst både som nettutgåve på www.ungdomslag.no og kan bestillast av Noregs Ungdomslag som ferdig opptrykt perm. Oppbygginga kan vere litt ulik mellom permen og nettutgåva.

Gode kurshaldar!

Den første Verktøykassa var ferdig til bruk i 1997, og mang ein kurslærer innan organisasjonsarbeid har hatt glede av permen. Den nye Verktøykassa er ganske annleis både i innhald og utforming, men med same siktemål: Å gjere det enkelt å vere kurslærer i organisasjonsarbeid.

Våren 2005 fekk ei nemnd i oppgave å komme med forslag til korleis organisasjonskunnskapen kan bli betre i Noregs Ungdomslag. I nemnda sat Liv Fridtun, Karstein Bjørge og Dan-Erik Aggvin. Det var deira og styret i NU sine tankar som låg til grunn, då eg tok til på jobben med å oppgradere Verktøykassa sommaren 2006.

No er resultatet klart, i form av lærarrettleiing og powerpointpresentasjonar. Innan kvart kurstema finn du delemne som er bygd opp etter same mal, med rettleiing, bakgrunnsstoff, lysark eller powerpointpresentasjonar, praktiske oppgåver og eventuelt tilleggs litteratur og ark til utdeling. Ynskjer du at deltakarane skal få med seg noko meir "heimatt" er det fritt fram å kopiere opp lysarka.

Det er viktig at du som kurslærer prøver å setje deg inn i kva bakgrunn deltakarane har. Start kurset med at deltakarane presenterer seg og seier kvifor dei er med på kurset. Då blir det lettare å velje ut kva stoff du vil presentere og å utfordre deltakarane. Jobb med å få flest moglege deltakarar til å bli med i diskusjonane og unngå for mykje einetale! Personleg har eg veldig stor tru på at ein lærer best ved å gjere. Oppgåvene under kvart delemne har dette som siktemål.

Det har vore eit klart mål for meg at teoriane, ideane og oppgåvene i Verktøykassa skal setje i gang tankane til kursdeltakarane og lett kunne omsetjast til praktisk arbeid. Men kanskje fann du ikkje det rette skrujernet eller ein stor nok skiftenøkkel i denne verktøykassa? Då må du på leit etter det verktøyet som trengst. Ofte treng du ikkje gå lenger enn til kursdeltakarane. Deltakarane sit alltid med kunnskapar om ulike emne. Kanskje treng dei di hjelp til å systematisere eller hente fram dei rette verktøya? Legg kurset til rette slik at deltakarane kan komme med svara!

Som kurslærer skal du i første rekke inspirere, skape diskusjonar og gje deltakarane nye perspektiv. Verktøykassa er eit utgangspunkt. Dine historier, erfaringar, praktiske eksempel, utfordrande spørsmål og ditt glødande engasjement avgjer om kurset blir "heilt greitt" eller "topp"!

Lykke til!

Oslo, april 2007

Åge Avedal

Planlegging av kurs

Verktøykassa kan nyttast både ved lengre og kortare kurs, eller kanskje som del av eit anna kurs, t.d. kurs for instruktørar i dans eller teater.

Ei spørjeundersøking som organisasjonsnemnda gjorde i 2005 syner at rundt 1/3 meinte helgekurs er ein god arena for organisasjonsopplæring, medan godt over halvparten meinte lokale kveldskurs er å føretrekkje, gjerne saman med andre ungdomslag eller andre organisasjonar. 50 lokallag i Noregs Ungdomslag svara på undersøkinga.

Med Verktøykassa kan du snekre saman ditt kurs. Er målet eit helgekurs må gjerne timeplanen vere klar tidleg. Ved kveldskurs på tre-fire timar er det fint om deltakarane i førevegen seier kva emne dei ynskjer å lære meir om. Dei fleste emna i permen eignar seg fint til kurs på to-tre timar. I kurset bør det òg leggest inn ca. ein halv time til presentasjon av kurslærar, deltakarar og deltakarlag og minst ein halv time med presentasjon av Noregs Ungdomslag. Det siste er viktig for å auke kunnskapen og tilknyttinga til NU, og for at deltakarane skal bli kjent med kva tenester NU kan tilby.

Hald deg til tidsplanen! Presenter forslaget til timeplan for deltakarane ved innleiinga og bed dei om å hjelpe deg å halde tida. Det er betre å kutte i innhaldet om ikkje tida strekk til, enn å snakke fort og gale om alt du ikkje rakk dei siste tre minutta. Hugs å ta pausar. I pausane blir folk meir kjent med kvarandre og kunnskapen får tid til å ”synke inn”.

Slik kan timeplanen for eit kveldskurs sjå ut:

- 18.00 Presentasjon av kurs, kurslærar, deltakarar og laga
- 18.30 ”Ungdomslaget”
- 19.00 Pause
- 19.10 Hovudtema, t.d. ”media og marknadsføring”, ”støtteordningar og søknader” eller ”arbeidet i styret”
- 20.00 Pause
- 20.15 Hovudtema held fram
- 21.20 Avslutning av kurset, kort evaluering og tid for spørsmål
- 21.30 Heim igjen

Med fri(lynt)e tøyler

Med fri(lynt)e tøyler er eit prosjekt for ungdom som vil skape aktivitet for ungdom. Noregs Ungdomslag har utvikla kurskonseptet som går over to eller tre kurshelgar i ein halvtårs periode. Mellom samlingane skal deltakarane utvikle sitt eige lokale prosjekt. Kanskje vil dei starte ein ny aktivitet i nærmiljøet eller utvikle ein aktivitet som allereie eksisterer?

Barne- og ungdomsrådet og ulike fylkeslag i NU har dei siste åra hatt ansvaret for Med fri(lynt)e tøyler. Verktøykassa eignar seg godt som utgangspunkt for ei slik kursrekke.

Ta kontakt med Noregs Ungdomslag om du vil vite meir om Med fri(lynt)e tøyler.

Verktøykassa

Verktøykassa er utgitt av Noregs Ungdomslag.
Oslo, april 2007

Tekst: Åge Avedal

Illustrasjoner: Svein Nyhus / Verktøykassa 1997

Grafiske element: Fredrik Rysjedal

Formgjeving: Åge Avedal

Verktøykassa er laga med støtte frå Haugesund Mållag og Ungdomslag

Noregs Ungdomslag © 2007